

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Ymse attåtfør

Bygdelag: Skomsvoll - Hamnes

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosén

G.nr. 19. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Om røter og bregner veit eg inkje frå den tida eg hugsar eller har tradisjon om. Eg veit ikkje dei har vori brukt som tilskottsfor eller nødfør.

II. Tang og tare.A. Tang.

1. Nei, berre som nødfør, og det heller ikkje ålment, blir brukt berre når det ikkje er nok anna før. Bruk er altså berre unntaksvis i vårknipa. Veit ikkje det vart brukt meir under siste verdskrigen enn ellest. Kan enno bli brukt no og da, men berre av somme.
2. Siste delen av vinteren når einser kor langt det vanlige foret strekk til.
3. Skjuru.
4. Bori eller køyrd. Rodd om det må fraktast sjøvegen.
5. Gamalt koka dei den visst saman med fiskavfall. Det eg minst, slo dei varmt vatn over tanget i stampar saman med høy til kyrne. Hadde dei så fiskavfall, høyfrø e.l., kunne dette bli gjevi saman med tanget. Ein har og døme på at dei har gjevi tanget rått. Også småfeet fekk tang.
6. Dei heldt tang for å vera eit bra tilskottsfor. Det var nok det viktugaste tillskottsforet ved sjøen, og det var nok gamalt att mykje brukt.

- B. Tare. Tare kjenner eg ikkje bruk av her i fjordstrøket. Det er ute ved havet ein finn taren, der sjøboden går til landet. Der er den blitt mykje brukt til før, og dei held han mykje verdfullare enn tanget. Ventelig blir han handsama og brukt på same måten som tanget. Samle tare må ein gjera når'n er riktig sjøstill, ellest er det eit livsfarlig arbeid.

III. Anna for av plantar.

Her veit eg inkje å svara.

IV. Hestemøkk

frå gjelkar har eg høyrd om dei brukte til nødfør i gamle dagar, men meir veit eg ikkje å seie om det.

V. Sørpefor.

1. Såvidt eg veit kokar ein ikkje nø sørpe. Gamalt gjorde dei visst det. Eg hugsar frå før eg var 10 år dei snakka om ei gamal gårdkone som kvar dag (liketil juldagen) gjekk og koka og vernte til dyra, koka i eldhuset og bar til fjøset. Dei andre snakka om dette og syntes det var rart. Det var no ellest avlagt. Det er no mil-

2

lom 60 og 70 år sia. Folk syntes synd i den gamle halte kjerringa som skulle vera så gamaldags at ho gjekk og plaga seg med slikt som dei syntes var uturvande. Korleis ho bar seg at og ka ingredienser ho brukte, veit eg ikkje, og eg kan ikkje gje noko pålitande svar på spørsmåla under dette avsnittet.

No er det ingen som røktar dyra etter dei gamle oppskriftene, men etter moderne skikk.

#### VI. Fiskavfall.

1. Jau, småsild blir brukt som kraftfor og nødfor og vart brukt under siste verdenskrigen. Men det er jo ikkje årvisst. Det beror på tilgangen.
2. Turka avfall av skrei blir unntaksvis brukt av dei som har høve til å få tak i det, men såvidt eg veit blir det koka
3. Ja, saman med tang (namnet mølle har eg ikkje høyrd) eller og stråfor.
4. Dyra får både krafta og tørrstoffet.
5. Har aldri høyrd om det.
6. Veit ikkje at dei har hatt eldstad i fjøset her. Der dei i si tid brukte koking for fjøset heldt dei nok helst ute eller i eit eldhus, visstnok sjeldnare i innehuset.
7. Tvilsamt. Dyra måtte iallfall ha så mykje stråfor at dei hadde å ørte av. Men når forknipa var stor, kunne dei kanskje berge liv, om hovudmassen var fiskavfall. Mengda tør eg ikkje seie noko om.

15/5848.

1665

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING